

## RAPPORT TIL LOM IDRETTSLAG FRÅ FOTBALLGRUPPA FOR SESONGEN 2007

Det var stor aktivitet i Fotballgruppa og i 2007. Det har vore ca. 150 aktive spelarar i yngres avdeling. I tillegg kjem spelarane som er med i junior og a-laget. Guttospelarar og juniorar har i sesongen 2007 spela på alle disse 3 laga.

A-laget hadde sin fyste sesong i 4. divisjon på mange år. Laget starta sesongen med mange nye og yngre spelarar. A-lagsstallen har bestått av fleire spelarar både frå guttelaget og juniorlaget. Laget enda på 9.plass i serien. Frode Aurmo var hovedtrenar og Martin Fjeld var hjelpetrenar for laget, medan Kenneth Haugen Berger var oppmann.

Juniorlaget har vor eit samarbeidande lag mellom Lom, Vågå og Heidal. Laget enda på 3.plass i serien.

Små- gutte og pikelaget deltok på Norway- Cup. Småguttelaga var saman med småjentene med på Norway cup. Vi deltok med 28 gutar og 20 jenter, altså ein imponerende stor Lom tropp på hele 48 spelarar. **Sportslig:** Sportslig ble ikkje Norway cup nokon suksess for gutane. Det ble 6 tap, derav ein del store, men det er likevel ein nyttig erfaring å spela kamper mot lag som er betre og eg trur det var positivt for resultatene i haustsesongen. Jentene gjorde det mykje betre sportslig, eit lag kom til kvartfinalen i B – sluttspillet og det andre røyk ut etter innleiande spill på målforskjell, det var bare eit mål frå å gå vidare. **Sosialt:** Sosialt var turen vellykka, spelarane likte seg og dette var ein oppleving som alle ser attende på med gode minner.

Gruppa som var på Norway-Cup gjorde ein stor innsats med sal av lodd for sumarlotteriet, og fekk inn meir enn det nokon gong har vore seld lodd for i dette lotteriet. Spelarane fortente ein lågare egedel. Til tross for stor loddsal, har Fotballgruppa for sesongen 2007 lagt meir i potten til Norway-Cup enn nokon gong. Årsaken til dette er det store talet på spelarar som var med.

Små-pikelaget spela og om KM- finale for 7-er. Dette var ein imponerende innsats frå laget, men i finalen måtte dei sjå seg slått av Bagn. Ein gratulasjon til små-pikelaget.

Det er ein flott innsats av alle spelarane i Lom i eit positivt og godt miljø.

Det har i sesongen vore lagt ned mykje arbeid med å lage ein sportsleg plan som eit samarbeidsprosjekt mellom fotballgruppene i Lom og Skjåk. Denne planen vil vera til stor hjelp for både trenarar og lagleiarar.

Etter initiativ frå Fotballgruppa i Lom er det under drøfting eit regionalt samarbeid i Nord-Gudbrandsdalen. Dette arbeidet var i utgangspunktet retta mot G14, J14, G16 og J16. Tanken her var å få til eit regionalt lag, slik at dei beste frå kvart lag skulle ha ei utfordring i regionen. Dette arbeidet er ikkje avslutta. Frå Fotballgruppa i Lom er Egil Håvard Moen og Sigurd Synstnes med i arbeidet. Dei fleste fotballgruppene i regionen er med i arbeidet.

Det er vidare bestemt at, der det er samarbeidslag mellom Lom og Skjåk, skal 1/3 av kampane gå i Skjåk, og 50 % av treningane skal og gå føre seg der. Samarbeidet er mest aktuelt for G14, J14, G16 og J16. Samarbeid er viktig for disse gruppene. Samarbeid er å gje og ta. Slik sett tykkjer vi at det og blir lagt til rette for at noko av aktiviteten kan gå føre seg i Skjåk.

Årsrekneskapen for 2007 er ikkje ferdig i skrivande stund, men det kan nemnast at likviditeten har betra seg frå førre årsskifte.

Lom, den 27. januar 2008

Egil Haug  
Styreleiar for sesongen 2007.